

Det ligg an til ein dansehest av dei sjeldne i Helgheim. Laurdag i neste veke - 20. oktober - kjem soleis Sotra-bandet AristoCats. Dei spelar noko mellom country og pop og må reknast som veteranar ettersom 3 av karane fekk igang bandet så tidleg som i 1973. Dei har for det meste operert på Vestlandet, men i Uskedalen har dei ikkje vore før sjølv om ein av karane har ein ferie-base her i bygda!

Men dei har sjølv sagt også hatt avstikkerar austover og då ikkje minst til Dansebandfestivalen i Seljord der dei stortrivs.

I 2008 var dei også invitert til Nordens største dansebandtreff i Malung i Sverige. Det vart suksess - strilane hadde kjemperespons og slår fast at dette var ei oppleving i superklassen. Ein runde i Nord-Norge ligg også høgt på rankinglista.

AristoCats har ikkje vore spesielt aktive når det gjeld å produsere plater, men i 2006 kom bandet med sin første CD som fekk bra mottaking.

Danseorkesteret AristoCats består av Kjell Kallestad (som har campingvogn ståande i Uskedalen!), Inge Glesnes, Torstein Hjelle, Jonas Moe og Thor Inge Stokke.

Av Ola Matti Mathisen